**Fra:** Matti Torgersen (Matti.Torgersen@hfk.no)
**Sendt:** 14.02.2014 08:25:05
**Til:** Ellen Strøm Synnevåg
**Kopi:**

**Emne:** Fwd: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv
**Vedlegg:**

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

> **Fra:** <regional@hfk.no>
> **Dato:** 13. februar 2014 17:39:01 CET
> **Til:** <jonvoll@hfk.no>, <mattorg@hfk.no>
> **Emne: søknad om tilskot til fysisisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv**
>
> tiltak: Vandring i Jondal
> sokjar: Jondal idrettslag
> orgnr: 987661011
> kontakt: Sveinung Selsvik
> epost: sveinung.selsvik@kvamnet.no
> tlf: 91855017
> kostnad: 273 375
> SUMfinans: 273 375
> soknadssum: 93 875
> andre: Ja
> andre2: Ja
> budsjett: Infoskilt( Oversiktstavler,info Pilgrimsvegen/Buførevegen, historiske skilt)

| | | |
|---|---|---|
| Utarbeiding av tekst | | kr 26.000 |
| Trykk/rammer | | kr 46.000 |
| Montering | | kr 18.250 |
| Flaumvern elvastien | | |
| Tilbod entrepenør | | kr 153.125 |
| Siktplate fjelltopp | | kr 7.500 |
| Kvilebenker 3stk akr 2500 | | kr 7.500 |
| Marknadsføring "Vandring i Jondal" | | kr 15.00 |
| | Totalt | kr 273 375 |

| | |
|---|---|
| Finansiering: Tilskot Jondal kommune/Jondal Nasjonalparklandsby | kr 50 000 |
| Tilskot lokale friluftstiltak, HFK | kr 40 000 |
| Tilskot fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv , HFK | kr 93 875 |
| Dugnad 258t akr 250 | kr 64 500 |
| Tilskot andre (søkje Sparebankstiftinga i Hardanger) | kr 25 000 |
| | Totalt kr 273 375 |

> skildring: Prosjektet "Vandring i Jondal" er eit resultat av samarbeid mellom bygdemobiliseringsprosjektet Folgefonnlandsbyen Jondal, Jondal idrettslag, dei ulike bygdelaga og Folgefonna Ecotourism.Starta i 2009. Prosjektet så langt har utarbeidd turkart , lagt inn GPS informasjon på internett,turomtale på tre språk, gradert merka og skilta 35 ulike turar over heile kommunen, i tråd med Merkehandboka sin standard.

Samla lengd på turstinettet er 177 km.sjå www.visitjondal.com Idrettslaget har samarbeid med bygdelaga om vedlikehald av stinettet.Fleire av turane kan ein nå utan bil. Den mest populære ruta er Elvastien går mellom dei gamle sveitserhusa i Jondal sentrum , sentralt plassert ved skule og barnehage . Stien er universelt utforma, og har vorte ein lokal møteplass for både eldre og yngre, fastbuande og gjester, til fots, i barnevogn eller rullestol.
No søkjer me om middlar til å setje opp fleire skilt og oversiktstavler for vandrerutene, skilte ei av rutene(Jondal-Fjellstøl-Vikanuten) med historiske skilt. Skilte Pilgrims/Buførevegen mellom Krossdalen i Jondal og Reisæter i Ullensvang. Ei rute som er under opparbeiding med bruk av skjerparar frå Nepal, og som har eit stort potensiale for vandreturisme på Folgefonnhalvøya. Vidare ynskjer me å leggja tilrettes med kvilebenker, siktplate på ein fjelltopp, marknadsføre vandretilbodet, og ikkje minst flaumsikre den populære Elvastien(Langs Jondalselva)

maal: Målet med prosjektet er å leggje til rette for at alle samfunnsgrupper skal kunne vandre og vere fysisk aktive i vår unike natur.Små og store, topptrente og sofaslitarar, fysisk friske eller dei med fysisk handicap. Fastbuande, tilflyttarar og gjester skal oppleve glede, trivsel og betre helse ved å bruke stinettet. Prosjektet vil også gjere Jondal meir attraktiv som bu og besøkskommune .God informasjon og skilting er særleg viktig for desse gruppene. Vidare vil utvidinga med Pilgrims/Buførevegen bidra til fleire tur mogelegheiter på Folgefonnhalvøya , og inn i Folgefonna nasjonalpark. Samarbeidsforma i prosjektet byggjer opp under Jondal kommune sitt mål om at lag og organisasjonar, det offentlege og privat næringsliv må samarbeide mot felles mål for ei ynskt utvikling.

gjennomforing: Me har fått tilbod frå entrepenør på flaumsikring av Elvastien. For å gjere det billegare vil me arbeide dugnad, gjerne med både traktor og gravemaskin. Murstein og grus må kjøpast. Kvilebenker kan kjøpast, eller me kan kjøpe materiale og lage på dugnad. Transport og montering vil skje på dugnad. Utarbeiding av tekst og grafisk design på oversiktstavler vil bli gjort i kombinasjon av dugnad og kjøp av tenester. Trykk av skilt og rammer må kjøpast. Tur og merkegruppa i Jondal idrettslag , saman med bygdelaga tek ansvar for vedlikehald av stinettet. For Pilgrims/Buførevegen er det samarbeid med Vikebygd landskapspark. Folgefonna Ecoturism oppdaterar nettomtale og bidreg med fagleg innhald på oversiktsskilt. Jondal kommune yt årleg driftstilskot til Jondal idrettslag, i tillegg til eige tilskot til dette prosjektet. Vandreprosjektet er også i tråd med kommunen sitt folkehelsearbeid
samarbeid: Sjå svar på forrige spørsmål. Jondal kommune har også eigen landsbylos som skal samordne tiltak som bl.a kan fremje trivsel og reiseliv. Me samarbeidar med henne om prosjektet .
spesifiser: Tiltaket fekk kr 40 000 frå Hordaland fylkeskommune i fjor med oppmoding om å søkje på nytt i år.Me har også søkt middlar frå potten Tiltak lokale friluftslivstiltak etter råd frå HFK v/Erik Knive. Vidare har me fått lovnad på tilskot frå kommunen og planlegg også å søkje Sparebankstiftinga i Hardanger